

Kåre Vaule

Motstandshytta i Vauledalen

Denne hytta vart oppsett av Ålgård skiklubb tidlig i 1930-åra. Det er ei tømmerhytte som vart flytta frå Sele i Klepp. Der hadde ho vore brukt som fiskerioppsynshytte. I krigsåra åtte doktor Friestad på Ålgård denne hytta på Vaule. I hytta var ein av dei viktigaste radiosendarne i Rogaland i 1944.



Ernst Askildsen og Alfhild Vaule ved motstandshytta i Vauledalen


SIS-agenten Otto Olsen med dekknavnet «Odd» frå Stavanger, oppretta radio-stasjonen med kodenavnet «Akvarius» her i hytta, etter at dei hadde forlete Hovlandstølen hausten 1943. I tillegg kom også agentane Magne Bakka og Ernst Askildsen med dekknavna «Arthur» og «Reidar». Sendaren dei hadde med seg, var og ei kort tid på loftet i huset til Kristian Vaule.

Utpå vinteren 1944 var det engelske flyslepp av containere med utstyr, og telegrafisten Jens Johannesen frå Kristiansand kom også med i hytta. Sleppestaden var i grensa mellom slåttemarkene til Jonas og Kristian Vaule, ca 400 meter sør for gardane. Kristian måtte opp med hest og slede og kjøre containerne til ein mellombels skjulestad.

Mannskapet på stasjonen varierte, eigersunderen Jan Larsen var ei tid her, og seinare kom telegrafisten Jarnulf Jåtun (dekknavnet Peder).

Med spesialkikkert vart skipsfarten på Jærkysten observert frå Moi- og Laksesvela-fjellet. Ein person i Sola observerte tyske krigsfly som var stasjonert på flyplassen der. Informasjon om dette skreiv han på ein papirlapp, som vart lagt på ein avtalt stad på Sandnes. Sjøførar i Bjerkreim Bilselskap bringa så denne informasjonen til Vaule. På grunn av tysk krysspeiling, var det ikkje

tilrådelig å senda frå same staden over lengere tidsrom. På denne tida var Magne Bakka og Ernst Askildsen i England, trulig på vidareutdanning.



Motstandshytta var i Vaule dalen sør for garden Vaule.



Hytta i Vaule dalen sommeren 1944.



Hytta sett fra sør, like etter krigsåra.

Den 13. september 1944 skulle Otto Olsen og Leif, ein av sønene på garden, sykla til Stavanger. Ved Vaule-bru i Gjesdal var det ein tysk kontrollpost. Olsen vart gjenkjent, og begge vart arresterte. Dette skjedde i 9-tida om kvelden.

Folket på dei to Vaulegardane vart varsla ved midnatt, av Knut og Viljen Vassbø. Alle på gardane til Jonas og Kristian og personane som opphelt seg i i hytta måtte i all hast røma. Det var lite dei kunne få med seg, dei var redde for at tyskarane kunne koma når som helst. Kyrne vart sleppte ut, og kraftverket vart stengt av før dei drog.

Etter det eg veit var det Jarnulf Jåtun og Kjell Vaule som var i hytta denne skjebnenatta. Karsten og Tor Vaule var med og bar vekk sendaren og utstyret derifrå. Dei måtte gå to turar, og bar utstyret opp mot Nonsknuten, vest for hytta. Her oppe fekk Jåtun sendt melding til England om tilhøva. Det lydde omtrent slik: «*Odd tatt av djevlene i natt. Alt gått til helvete*».

Etter dette tok desse fire karane ein tur bort til området ved varden på Nonsknuten. Her er fri sikt inn mot Runaskaret og riksvegen. Dei observerte lys inne ved riksvegen, og rekna med at

tyskarane tok seg til fots fram mot gardane på Vaule.

Sendar og utstyr vart sett inn i torvløa i Kongslottdalen. Kjell fôr ned til hytta att. Dei kom på at under kjellarlemmen stod eit batteri med på skrift; «Bjerkreim Automobilselskap» og ei flaske skotsk whisky. Kjell fjerna innskrifta på batteriet, og tok flaske i neven. Då hørde han det snakka nede i vegen, det han hadde i neven vart kasta i tjørna når han passerte.

Tyskarane som kom hadde med seg Otto Olsen når dei kom til gards. Han laut syne dei kor hytta var, og spurte etter staden for flyslepp. Han valde då å visa Kutjønmyrane som låg lengst vekke. Seint denne ettersommaren hadde det nemlig også vore eit nytt flyslepp, denne gongen på Kutjønmyrane, ikkje langt frå nåværande Bjerkreimsendar. Der var det eit stykkje å gå. På vegen dit fôr dei forbi torvløa i Kongslottdalen. Og sendaren vart såleis oppdaga.

Dei fire karane som hadde evakuert hytta var nå kome lenger vestover i fjellet. Jonas og Alfild hadde også teke seg opp i same området. Ein ukjent person tok etter litt tid til å skyta mot desse to. Gjengen frå hytta såg dette. Ein av desse karane hadde skyttaren i kornet på sitt skytevåpen, men torte ikkje «trekkja av».

Etter krigen kom det fram at dette var ein person som hadde vore evakuert, og arbeidet hjå Jonas tidligare i krigsåra. Han var dermed godt kjent i området, han var tyskervennlig, og trulig send avgårde for å stoppa eventuelle rømlingar. Etter krigen måtte vedkomande stå til ansvar for denne episoden.



Skyteepisoden då Alfild og Jonas (far og datter) løp om livet, mens kulene haglet omkring dem.

Skuddene vart avfyrt av en tyskervennlig nordmann.

Agentane Bakke og Askildsen kom etter ei tid tilbake frå England. Dei etablerte då ein sendar på Risholmen i Lutsivatnet. På denne holmen var det ei hytte. Våren 1945 vart denne sendaren peila inn av tyskarane. Mange båter med tyskarar rodde ut mot holmen. Bakka og Askildsen opna ild mot angriparane. Til sist gjekk dei tome for amunisjon. Askildsen hadde fått eit streifskot i låret. Dei overgav seg, og rodde på land.

Askilden tok seg til låret, dermed vart han skoten. Ein tyskar frykta at ham greip etter ein pistol. Bakka vart fengsla i Stavanger. Her sat han til freden kom. Gestapisten Arnold Høllscher gav ein tysk fangevokter 3 gift-tabeletter når det bar mot kapitulasjon. Det var tri fanger Høllscher ikkje ville sleppa levande ut frå fangeskap, den eine av desse var Magne Bakka. Men den tyske fangevokteren kasta tabelettane ubemerka i klosettet.

Aaland Gård, desember 2014
Paul Tengesdal